



Fau v/Eikanger skule

Lindås kommune

Høyringsuttale Kommunedelplan for skule 2014-2018

Samandrag:

- **Prognosane viser at elevtalet på Eikanger skule aukar i åra som kjem.**
- **Plasseringa langs E39 og nærleiken til Knarvik har gjort Eikanger til ein svært attraktiv stad å bu. Det store næringsarealet i bygda vår samt planlagt bustadbygging, vil føre til ytterlegare vekst.**
- **Nærskuleprinsippet fører til at størstedelen av Eikanger-elevane vil ha rett til å gå på Leiknes skule dersom ein skulle leggje ned Eikanger skule. Det er vanskeleg å sjå korleis kommunen vil kunne løyse dette i og med at Leiknes sin kapasitet alt er sprengd. Ein ny skule på Eikanger er framtidsretta i høve folketalsutvikling og er det einaste alternativet som lar seg forena med nærskule-prinsippet. Om ein ser for seg ein skule i krinsen, vil det i dag vere ca 105 Kløvheim og Eikanger-elevar som har Leiknes som sin nærskule.**
- **Alternativet med Eikanger-elevane til Ostereidet har store manglar då det ikkje er tatt med kostnad og utfordringar i samband med tilkomst til skulen, frå E39. I tillegg er det svært misvisande og feile opplysningar knytt til utrekning av ute-arealet på Ostereidet u. Det er i dag store trafikale utfordringar med tilkomsten både for billistar og busstransport på Ostereidet, og med auka trafikk er det naudsynt med kostnadskrevjande utbetring av vegen. Det vert også problematisk å doble kapasiteten på Ostereidet samtidig med full skuledrift.**
- **Det er viktig å ta på alvor at vi må ha god kvalitet i form av gode læringsareal og gode læringsmiljø på alle skular i kommunen. Når vi skal gjera innsparingar på drift, er det ikkje forsvarleg å gjera kutt i lærartettleik. Strukturendringar vil verta nødvendige dersom ein vil nå eit mål om eit likeverdig opplæringstilbod for alle elevane våre.**

Likeverdig og framtidretta skulestruktur i fokus

Lindås kommune skal sjå nærare på skulestrukturen i ungdomsskulekrinsane Ostereidet og Lindås. Det primære målet for kommune er at dette arbeidet skal sikre kommunen betre økonomi, gje eit likeverdig skuletilbod og bidra til langsiktige løysingar.

Betre plandokument og prosessar i referansegruppa

Vi har i svært mange omgangar jobba med ulike planar for framtidig skulestruktur. Denne gongen er det positivt å sjå at det er gjort eit langt grundigare forarbeid når det kjem til å få fram avgjerande faktorar som rette prognosetal, det styrande nærskuleprinsippet og ei synleggjering av ulike alternativ for framtidig skulestruktur.

Gjennom deltaking i referansegruppa har vi opplevd at representantar frå alle skulane i desse krinsane har komme med innspel og merknader. Gjennom medverknad har rådsorgana frå skulane saman med administrasjonen, gjort eit forarbeid som gjer at vi sit med eit langt betre utgangspunkt for vidare handsaming, enn det vi har hatt ved tidlegare høve.

Eikangerbygda i jamn og god utvikling, ein av få skular i vekst

Det har dei seinare år vore stigande elevtal på Eikanger, i 2009 hadde me 52 elevar, i dag er talet 74 og til hausten vil 81 elevar gå på Eikanger skule! Bygda er i vekst, og me registrerer at bygda er populær også for familiar som ikkje har tilknytning til bygda frå før. Området kring Osterfjorden er i sterk vekst, og Eikanger vil vere ein sentral stad for framtidig utbygging. Det store bustadfelt på Fyllingsnes har store rekkjefølgjekrav som no ser ut til å late seg løyse med positive signal om at Nordhordlandspakken kan verte vedtatt. Sjølv utan de store feltet, har me private initiativ som kan sikre tilgang på nye bustader. Det er difor grunn til å tru at elevtalet ved Eikanger skule vil oppretthaldast og mest sannsynleg auka i åra som kjem. Vert Nordhordlandspakka og nye bustadfelt realiserte, må kommunen ta omsyn til konsekvensar som er knytt til utbygging i vår skulekrins.

Eikanger skule har dei siste åra vore ein av dei få skulane i kommunen med høg og jamn vekst. Med bakgrunn i dette er kanskje Eikanger det området i kommunen som vil ha den største folketalsveksten av dei krinsane der skulestrukturen no vert vurdert. Næringsarealet er også nær realisering og vil gjere Eikanger til ein enda meir attraktiv plass å busetja seg.

Nærskuleprinsippet

Ein kjem ikkje utanom at nærskuleprinsippet får store føringar for kva alternativ som vil kunne la seg gjennomføre dersom ein ser på ei strukturendring som skal omfatta Eikanger skule. Eikanger skulekrins består av bygdene Høyland, Fyllingsnes, Eidsnes og Eikanger. Desse bygdene har samanhengane bustadbygging av ulik tettleik med ei naturleg avgrensing mot nabobygdene som soknar til Kløvheim, Ostereidet og Leiknes skulekrinsar.

Når ein skal vurdera alternativet om både Kløvheim og Eikanger til Ostereidet, vert dette lite gjennomførbart med tanke på at over 90% av desse elevane har kortast veg til Leiknes og dermed kan velje nærskulen sin Leiknes. Vi har i vår skulekrins alt opplevd at kommunen gjorde forsøk på å setje tilside denne loven i samband med flytting av krinsgrensa for ungdomsskulen. Fylkesmannen gav ei klar tilbakemelding om at nærskuleprinsippet skal følgjast, og kommunen kan ikkje lage ein ny struktur der det ikkje er kapasitet til å ta imot elevar ved nærskulen.

Ostereidet-alternativet, ikkje nærskule og store manglar på infrastruktur og uteareal

I tidlegare skuledebattar har ein ved skulen vår opplevd å få positive tilbakemeldingar for ei utbygging på Ostereidet. Men dette har endra seg. Småbarnsforeldra våre reiser for det meste til

Leiknes og Knarvik når dei leverer i barnehagen. Dermed får vi tydelege signal om at foreldre vil bruke nærskuleprinsippet dersom ein ser for seg skulenedlegging i vår bygd. Det at Leiknes-elevane no skal gå på Ostereidet U er også ei medverkande årsak til Leiknes vert ein naturleg skule for Eikanger krinsen utan eigen skule i bygda.

I framlegget til kommunedelplan er det ikkje tatt med kostnadar knytt til forbetring av infrastruktur på Ostereidet. Tilkomsten frå E 39 og ned til skulane på Ostereidet utgjer ein farleg skuleveg der vi seinast i vinter har opplevd at bilar får nærkontakt.

Utgreiinga av utearealet på Ostereidet barneskule omfattar både grus og grasbane. Desse areala ser vi som lite eigna og til dels ubrukelege i samanheng med friminutts-aktivitet pga. avstand til barneskulen og pga ungdomsskulen sine behov. Sambruk i friminutt verkar som ei svært dårleg løysing, og vi treng heilt andre typar areal for å stimulerer til god og allsidig leik hjå dei yngste. I dag er det 114 elever frå Eikanger og Kløvheim, og med forventa folketalsvekst både her og på Ostereidet, vil skulen på Ostereidet måtta doble kapasiteten. Arealet kring skulen er ikkje godt eigna for utviding, og det er også problematisk å byggja ut samtidig med full skuledrift.

Ny Eikanger skule ei framtidsretta løysing

Me har dei siste åra sett ei stor utbygging på Leknes. Dette er noko som strekk seg innover fjorden frå Knarvik. No står Eikanger for tur, og med alle areala som er sett av både til byggjefelt og sprett utbygging, vil me nok sjå stor utbygging i bygda i mange år. Dette vil tvinga fram behovet for ein ny og moderne skule. Det er alt sett ut ulike alternativ for nytt skuleareal sentralt på Eikanger.

Vi treng ro og stabilitet i Lindås-skulen. Det må gjerast eit kvalitetsbevisst val som sikrar ein likeverdig skule for alle elevane våre. Når ein skal fastleggja ny skulestruktur, er det avgjerande at ein samstundes tek framtidsretta val som tek på alvor den utviklinga prognosetala heilt klart viser.

Ta ansvar politikarar! Me håpar de legg til rette for ein framtidsretta skulestruktur med ny skule på Eikanger. Det vil styrkja kvaliteten og sikra eit betre arbeidsmiljø både for lærarar og elever. Dette alternativet vil gje få utfordringar knytta til nærskuleprinsippet, og nybygg på alternativ tomt er også klart å foretrekkja med tanke på skuledrift under byggjeprosessen.. Ei samlokalisering på Eikanger gjev eit kvalitetsmessig løft, og ein vil unngå all diskusjon om endring av skulestruktur for framtida. Det kostar å byggje nytt, men drift av gamle skulebygg er også dyrt. Har kommunen råd til å la væra?

Fau ved Eikanger skule ønskjer å delta aktivt og positivt i den vidare prosessen med kommunedelplanen for skule 2014-2018. Det er å håpa at dette arbeidet sikrar betre kvalitet i skulen, med større læringsutbytte og gode læringsarenaer for alle elevar i Lindås-skulen.

Med venleg helsing
Foreldreutvalet ved Eikanger skule